



| | | | |
|------------------------------------|---|---|--|
| | DyrkSmart Profesjonelle arbeidslag | Sted | Hardanger Fjordfrukt |
| Dato | 1. juli 2015 08.30-10.00 | | |
| Møtedeltakarar | <ul style="list-style-type: none">• Leif Øie• Jan Ove Nes• Sjur Ove Svartveit | Referent | Sjur Ove Svartveit Antall sider : 3 |
| Materiell utsendt før møtet | <ul style="list-style-type: none">• Innkalling• | Materiell utlevert på /etter møtet | |

I DyrkSmart er det punkt 1.1.9 profesjonelle arbeidslag som står att. I denne aktiviteten skal vi ta initiativ til å etablere profesjonelle driftslag. Disse laga skal tilby produsentane tenester både ved etablering av nye felt og ved arbeid i etablerte felt.

| | |
|--------------|----------------------------------|
| Sak 1 | Profesjonelle arbeidslag. |
|--------------|----------------------------------|

Møte var eit arbeidsmøte med lite eller ingen førebuing anna enn den kunnskapen deltakarane ber med i kraft av kompetanse, røynsle og stort kontaktnett ut mot fruktbransjen. Hovudpunkta under er ikkje uttømande og enkeltelement kan vera grunnlag for anna vinkling og konklusjon.

Vedlegget side 2-3 er ei oppsummering av konklusjonar i møtet.

| | |
|--------------|-------------------|
| Sak 2 | Framdrift. |
|--------------|-------------------|

Ein har fylgjande framdrift på arbeidet:

1. Prosjektgruppa (Leif, Jan Ove, Sigbjørn og Torleiv) drøftar opplegget (innan utgangen av juli) , om det er andre tilhøve som også må med og om ein ynskjer å gå vidare på punkt 2.
2. Profesjonelle arbeidslag vert lufta på medlemsmøte i fruktlagera (juli – august) arbeidsgruppa utarbeider ein presentasjon.
3. Behovsanalyse på Web. Arbeidsgruppa utarbeider eit skjema som ein ber produsentane fylla ut.
4. Oppsummering av fruktlagermøta samt data frå behovsanalyse vert lagt fram for styringsgruppa i DyrkSmart til avgjerd om det skal utarbeidast ein forretningsplan for profesjonelle arbeidslag eller om aktiviteten med profesjonelle arbeidslag skal avsluttast.



Behov

Behovet for å leiga profesjonelle arbeidslag vert vurdert som aukande og truleg vil etablering av eit slikt tilbod i seg sjølv auka behovet ved at produsentane vert merksame på at tilbodet eksisterer. Innleige av profesjonell arbeidshjelp vil verta opp mot å tilsetja sjølv og her må ein gjera avveining på pris, tilgang på kompetent personell, fráværserisiko, etc.

Av aktuelle arbeidsoppgåver vart fylgjande lista opp:

- Skjering
- Tynning
- Anlegg (etablera felt)
- Hausting
- Slått - ugraskontroll

Kort stort behovet er vanskeleg å anslå, men for å undersøka dette bør det gjerast ein undersøking mellom produsentane. Metode som vert tilrådd er ein kombinasjon av spørjeskjema på nett og ein telefonrunde.

Organisering.

Profesjonelle arbeidslag bør vera ein del av arbeidsstokken ved fruktlageret og målet bør vera at flest moglege av sesongarbeidarane vert heiltidstilsette. Dette er realistisk ved att pakkemedarbeidarar vil verta reduserte i takt med investering i ny teknologi samt gjennom auka etterspurnad etter kompetent arbeidshjelp.

Arbeidshjelpa vert sett opp i arbeidslag. Frå 2 stk. ved skjering til opp til 8-10 ved hausting.

Fruktlageret ber risiko ved tilsetjing, sjukdom og anna frávære og tek på seg ansvar for opplæring. Ein baserer seg på at dei tilsette sjølve ordnar bustad og transport til/frå arbeid.

Storleiken på denne arbeidsstyrken må baserast på etterspørsel. Fruktlageret vil før sesongen startar, senda ut tilbod om å leiga inn hjelp og her vil det vera først til mølla som gjeld. Fruktlagert vil også ved overteikning søkja å henta inn sesonghjelp til å ta eventuelle toppar.

Av omdømeomsyn er det også viktig at Fruktlageret er nøye med at lønnstilhøve, arbeidstid og arbeidstilhøve er i samsvar med norske lover og reglar.

Tilhøve mellom fruktlageret, som utleigar, og produsenten, som leigar, vil verta regulert i eigne avtalar der m.a. krav til toalett, kvilerom etc. vert tatt inn.

Økonomi.

For fruktlageret må dette vera ein teneste som skal gjeva eit positivt dekningsbidrag. Dette betyr at pris ut til produsent skal dekke inn lønn (inkl. alle sosiale kostnader), opplæring og risiko. Dette betyr at oppdrag av noko omfang og oppdrag tinga i god tid har mindre risiko og dermed lågare pris for produsent.



Ressurstilgang.

Fruktlageret opplever at interessa for å få jobb som sesongarbeidar er stor. Vert deler av det dette overført til faste stillingar reknar ein med at interessa vil auka , også hjå norske arbeidstakarar.